

Referat frå FAU Hognestad skule 10.02.26

Til stades:

Eva Madeleine Auglend, 1.trinn
Ingrid Underhaug Nielsen, 3.trinn
Lisa Sel, 4.trinn
Heidi Sortland, 5.trinn
John Sægrov Holm, 6.trinn
Kristian Hognestad, 7.trinn
Ingveig Nærland Ødegård, rektor

2.trinn måtte melde forfall

Saker:

32 Elevundersøkinga- Ingveig orienterer om resultat.

Elevundersøkinga vert gjennomført i 5-7. trinn. Me samanliknar 7. trinn sine resultat med kommunen. Me ligg mykje på grønt nivå. På skulen trivst elevane godt, og elevane har nokon å vere med i friminutta. Det er nedgang i mobbeprosent i landet, og det ser me på skulen vår òg. Me ligg på landsgjennomsnitt når det kjem til meistring. Elevane gler seg til å gå på skulen. Elevane seier at dei heime viser interesse for det dei gjer på skulen.

Lærarane har arbeidd med resultatata. Dei er nøgd med at meistring, motivasjon og elevmedverknad, ligg godt an. Lærarane jobbar med tilbakemelding i elevarbeid.

Elevrådet og Laget har òg arbeidd med resultatata. Elevmedverknad og motivasjon og tilbakemeldingar er viktig.

FAU er nøgd med at elevane trivst på skulen, at dei gler seg til å gå på skulen og at alle har nokon å vere i lag med i friminutta. Heim og skule må arbeide med at elevane skal «stå i» arbeidet og at dei trener uthald.

33 Foreldremøte 11. mars.

Ingrid har tinga ekstern person med erfaring med oppvekst og som sjølv er forelder til å ha om lag ein halvtimes føredrag, inkludert evt. spørsmål. Ho er oppteken av skjermbruk og barn og ungdom. Ingrid har gjeve ho nokre stikkord til bestilling for foreldremøtet:

- Bakgrunn og motivasjon og tankar om skjermbruk og farar rundt det
- Økt mobilisering for skjermfri barneskule i heile landet

- Korleis kan me føresette best legge til rette for eit aktivt liv utan skjerm? Kva med føresette sine skjermvanar?
- Ta opp skilnaden på «skjerm» og «mobil».
- Kvifor har me fokus på skjerm, kva seier skjermbruk utvalet
- Sosiale medier og aldersgrenser, farane her
- Scrolling og belønningssystem for hjernen
- Smarttelefon gjev tilgang til heile verda for eit born- på godt og vondt

Foredragshaldar kjem litt før 18.00. Ingveig tek imot.

1-4. har foreldremøte i klasserommet 17.30-18.00

Fellesdel 18.00-19.00. Etter foredrag kan me frå FAU gi ei lita bestilling, som foreldre i grupper kan få moglegheit til å gi tilbakemelding på.

5-7. trinn har foreldremøte i klasserommet 19.00-19.30

FAU og skulen tek innspel med seg til vidare arbeid rundt plan om «Digital oppvekst» og rettleiar for å være foreldrerepresentant ved Hognestad skule. Kan og vurderer om FAU skal gjere vedtak om å jobba mot å bli ein «smarttelefonfri» skule.

FAU møter opp 17.30 og set ut stolar, koker kaffi og set fram twist.

Kristian sjekkar kva som eventuelt må kjøpast inn.

1-3. trinn ryddar etterpå.

34 Digital praksis i Time. Rektor orienterer om status.

Time kommune har ein handlingsplan for digital praksis i kommunen. Rektor og dei tilsette på skulen har begynt på ein lokal handlingsplan for digital praksis på Hognestad skule, med utgangspunkt i kommunen sin plan. Her skal det stå kva som er forventa i dei ulike trinna i digital praksis. Involvering av føresette, digital tryggleik og reglar for dei ulike trinna, digital praksis i SFO, skule og digitale ferdigheiter som grunnleggande ferdigheit er nokre av punkta.

FAU skal kome med sine tankar om digital praksis som skal stå i planen.

35 KFU. FAU leiar orienterer.

På KFU var følgande tema oppe: digital kompetanse på barne- og ungdomsskulenivå, skilnad på jenter og gutar når det kjem til karakterar (jenter ligg over både i landet og i Time). Korleis arbeider skulen med danning av elevane.

Trafikkplan og elevtråkk blir arbeid med mot alle skular nå i vår, kor er det elevane i kommunen går/syklar og kva er utfordringane og farane.

Referat frå desse møta blir lagt ut på heimesida til Hognestad skule, under rådsorgan, KFU.

36 Branntilsyn ved skulen

Skulen har gode planar for sin beredskap og ansvarsområde, men kommunen har fått manglar på det tekniske. Skulen har 4 TG3 avvik, som krev utbetring. Hovudsakleg knytt til rømmingsvegar i kjellaren, som ikkje lenger tilfredsstillar dei skjerpa krav som kom no. Skulen har difor etter vinterferien ikkje lov å ha undervisning i kjellaren. Det vil skulen løyse fram til sommaren ved at 5. trinn flytter til ledig klasserom i brakkebygg og nokre andre mindre justeringar.

37 Anna

Olweusundersøkinga kjem i veke 10.

Bokse-SFO? FAU er positive til open hall i helg/kveldstid, slik som har vore utprøvd via idrettslaget, der borna kan få prøve seg i boksehallen. Representant frå FAU vil snakke meir med leiar av boksing for å høyre meir om planar for eventuell besøk i SFO-tida. Foreløpig ser ikkje FAU behov for ytterlegare aktivitetar.

Hognestad har fått prioritet for første gong på lenge under Investeringsposten i kommunebudsjettet for Oppvekst som går under «Mindre ombyggingar», av dei 2 mill. som er sett av her for 2026 er 0,5 mill. sett av til Hognestad for å skifte noko av kledninga på hovudbygg og maling av dette. FAU synes sjølvsagt at det er særst gladeleg, bygget burde ha blitt måla for over 10 år sidan. Kledninga her vart bytta for 20 år sidan og forsvarleg vedlikehald krev sjølvsagt regelmessig maling.

Ref. Eva Madeleine Auglend